



Høyanger kommune
Politisk sekretariat

dok 117

Kommunikasjon
Saksnummer <i>200605491</i> Dato <i>29.11.06</i>
Kode <i>Li-501</i>

Kultur- og kirkedepartementet Kirkeavdelingen
Postboks 8030 Dep.

0030 Oslo

Saksnr.	Arkivkode	Løpenr.	Saksbeh.	Dato
2006/985	C84	8231/2006	RIF	27.11.2006

NOU 2006:2 Saten og Den norske kirke - høringsuttale frå Høyanger kommune

Kommunestyret vedtek følgjande høringsfråsegn til NOU 2006:2 Saten og Den norske kyrkje:

Innleiing.

Høyanger kommunestyre vil at Den norske kyrkja skal oppretthaldast som ei inkluderande og open kyrkje, der alle menneske er velkomne til å ta del i kyrkja sitt budskap. Dette kan best skje med at statskyrkjeordninga held fram. Meir enn 80% av folkesetnaden i Noreg er medlemar i statskyrkja. Det set Den norske kyrkja i ei særstilling i høve til andre trussamfunn i landet.

Høyanger kommunestyre ser det som viktig å minne om kva Den norske kyrkja har betydd som kultur- og tradisjonsbærar i det norske samfunnet. Det gjeld innafor menneska sine liv frå fødsel til død, ved oppseding, i skulen, i arbeidslivet, i rettsvesenet og i norsk politikk, - det vil seie innafor alt innafor det sivile samfunn. Dette er vi ikkje viljuge til å gje slepp på.

Religionspolitikk og kyrkjeordning.

Etter Høyanger kommunestyre sitt syn er det symptomatisk at det i hovudsak er kyrkja sine egne folk, som ønskjer å skilje kyrkja frå staten, mens "mannen i gata" i hovudsak held på statskyrkjeordninga.

Ved eit eventuelt skilje mellom kyrkje og stat er det stor fare for at Den norske kyrkja ikkje lenger vert ei folkekyrkje slik vi kjennar ho i dag. Det har alltid vore fraksjonar med særsyn innafor kyrkja. Dette er ikkje noko særskild for kyrkja, og finns også i andre samfunn. Det er likevel viktig at grupper med særsyn ikkje får for stor makt i kyrkja. Det er korkje kyrkja eller samfunnet tente med.

Høyanger kommunestyre viser til Bjørgvin bispedømeråd sitt høyringssvar, der vi kan lese at "tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja ikkje er sak om korleis dei indre tilhøva i kyrkja skal regulerast, - fordi dette er ei politisk sak som vedkjem alle demokratisk valde organ i Noreg. Nasjonen sin religionspolitikk angår alle innbyggjarane i landet".

Postadresse: Postboks 159 6991 HØYANGER	Besøksadresse: Aug. Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER	Telefon: 57711550	Telefaks: 57711551	Bankkonto: 8471 07 01066 Org.nr 944439838
--	---	-----------------------------	------------------------------	--

Vi er samd i at dette er ei politisk sak som vedkjem alle demokratisk valde organ i Noreg, og at saka angår alle menneske i landet. Difor meiner vi at vårt høyrings svar må takast seriøst og telje mykje når avgjerda om forholdet mellom staten og Den norske kyrkja skal avgjerast.

Religionsfridom.

Det er religionsfridom i Noreg. Det betyr at alle norske statsborgarar kan velje kva trussamfunn dei vil tilhøyre, eller dei kan velje ikkje å tilhøyre noko trussamfunn. Religionsfridom er ikkje det same som at alle trussamfunn kan utøve sin religion, i eitt og alt, som dei måtte ønskje. Dei må overhalde lov og rett i landet.

Bispedømerådet peiker på at Den norske kyrkja som trussamfunn har rett til å peike ut sine eigne leiarar, dvs. biskopar, utan statleg innblanding. Denne retten er forankra i kyrkja si sjølvforståing og eigenart.

Vi har til ein viss grad forståing for at kyrkja ønskjer sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap og lære. Erfaringa vår når det gjeld utnemning av biskopar er likevel ikkje den beste. Folk flest er takksame for at vi har hatt biskopar som har vist eit ope sinn og praktisert ei inkluderande haldning i kyrkja overfor alle menneskjer, uansett kjønn og legning. Det er slik vi ønskjer at den norske kyrkja skal vere.

Det hadde vi ikkje oppnådd utan staten si medverknad.

Finansiering.

Høyanger kommunestyre vil påstå at det urealistisk å tenkje seg at dagens offentlege finansiering vert ført vidare, utan at Staten syter for at den kan gripe inn ved tilsetjingar av biskopar, dersom det er openbart at kyrkja går på tvers av eit stort fleirtal i folket. Skal finansieringa til kyrkja vera sikra, bør noverande finansieringsordning oppretthaldast.

Avkrevjing av medlemsavgift frå medlemane i Den norske kyrkja, vil høgst truleg føre til avskalling av medlemsmassen. I motsetnad til mange andre trussamfunn der oppslutninga om kyrkja er sterk, er det eit faktum at svært mange av medlemane i Den norske kyrkja ikkje har den sterke tilhøyringa som kunne vera ønskjeleg sett frå kyrkja si side og frå samfunnet si side.

Medlemsinnkrevjing er likevel ikkje vegen å gå, heller ikkje at folk må betale for kvar teneste dei får frå kyrkja ved dåp, konfirmasjon, bryllaup og gravferder. Då vil endå fleire melde seg ut av statskyrkja. Dei som blir att i kyrkja er dei sterkt truande og dei som jamleg er brukarar av kyrkja og kyrkja sine tenester.

Diverre seier Den norske kyrkja seg nøgd med ei slik utvikling. Det gjer ikkje vi. Vi ser det som viktig at folk strøymar til kyrkje om det berre er ved store høgtider som jul, påske og ved personlege høgtider som dåp, konfirmasjonar, bryllaup og gravferd, slik det er tradisjon for i Noreg.

**Den norske kyrkja skal framleis vera offentleg finansiert frå stat og kommune.
Grunnlova skal heller ikkje endrast som følge av dette.**

Jamstelling mellom trus- og livssynsamfunn.

Høyanger kommunestyre er sterkt ueinig i at Den norske kyrkja skal jamstellast med andre trus- og livssynsamfunn. I Noreg har alle trus- og livssamfunna fridom til å utøve verksemda etter si eigenart. Dei får stor grad av økonomisk støtte, kanskje meir her i Noreg enn i dei fleste andre land vi kan samanliknast med. Her er stor grad av toleranse frå myndigheiter og folk ovafor andre trus- og livssamfunn.

Den norske kyrkja står likevel i ei særstilling med over 80% av medlemsmassen, og bør framleis ha ei særstilling for å tene folket.

Det er med god grunn at Den norske kyrkja skal handsamast særskild. Den norske kyrkja peiker seg ut, ikkje berre når det gjeld tal på medlemmar, men også på andre måtar.

Kyrkja grip inn i liva våre ved høgtider i heile vårt livssyklus. Alle heilagdagane våre m.a. er i samsvar med høgtidene i Den norske kyrkja. Arbeidslivet følgjer kyrkja sine høgtider. Det er verd å ha i tankane at dersom medlemstalet skulle verte vesentleg redusert, og vi ikkje lenger kunne snakke om ei folkekyrkje, er det heller ikkje same grunnlag for staten å handsame Den norske kyrkja særskild.

Den norske kyrkja står i ei særstilling i det norske samfunn og skal handsamast særskild som vår kyrkje.

Jamstilling mellom Den norske kyrkje og dei andre trus- og livssamfunna er urealistisk og ikkje ønskjeleg.


Dåpsopplæring.

Verdigrunnlaget som tidlegare vart tilført born og unge i kristen tro og moral er teken bort frå undervisninga i skulen i dag. For Den norske kyrkja må det vera ei viktig, for ikkje å sei, viktigaste oppgåva, å finne fram til ein måte å tilføre born og unge verdigrunnlag som del av vår kulturarv.

Det må frå kyrkje si side leggjast til rette for Søndagsskular, speidaraktivitetar både for gutar og jenter, ungdomsklubbar, leirskular osb. må prioriterast meir frå kyrkja. Dåpsopplæringa som det heiter, er også i myndigheitenes interesse. Desse må såleis leggje økonomisk til rette for at slik opplæring kan gjennomførast i alle sokn i landet.

Den norske kyrkje må leggje til rette for at dåpsopplæring kan gjennomførast i alle sokn. Myndigheitene må medverke økonomisk til at dåpsopplæring kan finne stad i alle sokn i landet.

Med helsing



Rita T. Flaten
politisk sekretær